



Møteprotokoll Høyanger sokneråd

Møtedato: onsdag 16.02.2022

Møtetid: kl. 18.00 – 19.30

Møtestad: Høyanger kyrkjekontor

Tilstades:

May-Wenche Fossmark, Marit Tonning, Vidar Myren, Andreas Ester, Gerda Otterstein (var til stades under handsaming av vedtakssak 007/22)

Forfall: Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud

Kopi av møteboka går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordførar Petter Sortland, kommunedirektør Kjellaug Ekse Brekklus, kantor Gerda Otterstein, administrasjonssekretær Katarina Vattekar, kyrkjetenar Heike Müller, postmottak Høyanger kommune.

Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll

Innkalling, sakliste og protokoll vart godkjent utan merknader.

Meldingssaker:

005 Soknepresten har ordet

Soknepresten snakka om teksten til såmannssøndagen.

006 Rekneskapsrapport

Rekneskapsrapport for 2021 vart gjennomgått.

007 Postgjennomgang

Vi gjekk gjennom posten. Vi hadde fått frå Bibelgaven, Kirkens nødhjelp, Misjonstidende.

008 Idemyldring til stoff til Helgestunder

Vi diskuterte stoff til Helgestunder. Vi ønsker å få inn ein notis om kyrkjeskyss i Høyanger.

009 Kyrkjeskyss i Høyanger sokn

HKF sitt vedtak om kyrkjeskyss vart teke til vitande.

010 Kyrkjelydspedagogstillinga

Referat frå samtale mellom kyrkjevevjerje i Høyanger og Magna Lunde vart teke til vitande.

011 Høyanger bedehus, endra føresetnader

Saka om leige av Høyanger bedehus vart utsett på møtet i HKF 03.02. Høyanger sokneråd aventar saka.

Vedtaksaker:

007/22 Spørjeundersøking i Høyanger sokn

Kantor har innspel til spørsmål angående kyrkjemusikk

Vedtak:

Etter innspel frå kantor Gerda Otterstein vedtok vi å endre nokre av spørsmåla i spørjeskjemaet som vi sender ut. Vi stryk spørsmål 21-22 og tek inn eit nytt spørsmål: «Eg opplever at ein syng salmar som betyr noko for meg».

008/22 Plakatstativ ved Høyanger kyrkje

Prisen for ferdig plakatstativ ved Høyanger kyrkje, med same utforming som stativet i Lavik, blir på kr. 6 900 inkl. mva.

Vedtak:

Vi godtek pristilbodet frå Kjetil Torvund om plakatstativ ved Høyanger kyrkje.

009/22 Offersøknad

Det er kome søknad om offermidlar til sjukehuskyrkja ved Førde sentralsjukehus, frå sjukehusprest Helene Langeland.

Vedtak:

Vi endrar ikkje på tildelingane av offer. Men vi tek oppatt søknaden ved tildeling av offer for gudstenestene i juni og juli.

010/22 Fokus – Vekst i lokalkyrkjelyden

Det er komme tilbod om prostikurs for sokneråd i regi av Senter for kyrkjelydsutvikling.

Vedtak:

Dette verkar til å være eit interessant kurs. Kurset vert for heile prostiet, og vi aventar.

Referent

Vidar Myren